



## Møteprotokoll Kommunestyret

**Møtedato:** 15.02.2018  
**Møtestad:** Austrheim samfunnshus  
**Møtetid:** 18.00- 21.30

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Anne Dahle Austrheim	KRF	Varaordførar
Siri Kaland	AP	Medlem
Hardy Pedersen	AP	Medlem
Merethe Rikstad Tresvik	AP	Medlem
Asbjørn Brandtun	AP	Medlem
Monika Thorpe	AP	Medlem
Trude Sleire	AP	Medlem
Jorund Stellberg	UAH	Medlem
Morten Sognnes	H	Medlem
Viggo Leirvåg	H	Medlem
Randi Dyrøy	KRF	Medlem
Jan Erik Espelid	V	Medlem
Petter Lerøy Skårnes	V	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Rikke Heldal Hope	H
Tore Austrheim	AP

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Bjørn Helge Olsen	AP	Varamedlem
Solveig Hopen	H	Varamedlem

---

### Desse møtte frå administrasjonen:

Rådmann Jan Olav Osen, assisterande rådmann Olav Mongstad.  
Olav Andersen deltok i møtet under handsaming av sak 5 og 10, Bodil Boie Brekkan deltok under handsaming av sak 12 og Helge Dyrkolbotn deltok under handsaming av sak 11

---

Per Lerøy  
ordfører

Jan Olav Osen  
rådmann

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
001/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/18	Godkjenning av møteprotokoll
003/18	Meldingar
004/18	Orienteringssak
005/18	Budsjett 2018 - Orientering om rekneskapet for 2017 og behov for justering av budsjett for 2018
006/18	Sakkunnig nemnd - Val av medlem og varamedlem
007/18	Felles sakkyndig klagenemnd - Val av medlemmer og varamedlemmer
008/18	IKT Nordhordland -Interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27
009/18	Oppnemning av plan- og byggjenemnd for omsorgsbustadane på Kaland
010/18	Overtaking av Setenesvegen 48, Breidvikhaugen 4 og 8
011/18	Tilstandsrapport for barnehagane i Austrheim
012/18	Tilstandsrapport for grunnskulen 2017 i Austrheim kommune

## 001/18: Godkjenning av innkalling og saksliste

### Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

## 15.02.2018 KOMMUNESTYRET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### KS - 001/18 - 15.02.2018 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## 002/18: Godkjenning av møteprotokoll

### Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

## 15.02.2018 KOMMUNESTYRET

Rådmannen viste til feil i vedtak i K-sak 92/17 der det står:

**For sein henting:** Kr. 161 pr. påbegynt time

Her skal det stå fylgjande:

For sein henting: Kr. 161 pr. påbegynt kvarter

I K-sak 92/17 skal vedtak soleis vera som fylgjer:

Austrheim kommunestyre vedtar følgjande satsar for foreldrebetaling i barnehagane:

Timetal	Tal dagar pr. veke	Sats pr. mnd. 2017	Sats pr. mnd.frå 01.01.2018
45 t/v	5	kr. 2 730	Kr.2 910
36 t/v	4	kr. 2 182	Kr.2 328
27 t/v	3	kr. 1 637	Kr.1 746
18 t/v	2	kr. 1 091	Kr.1 164

Juli er betalingsfri månad.

**Betalingssats pr. dag for kjøp av ekstra dag:** kr. 270 – inklusive matpengar

**Søskenmoderasjon:** 30% søskenmoderasjon for 2. barn, og 50% søskenmoderasjon for 3. barn og oppover.

**For sein henting:** Kr 161 pr. påbegynt kvarter.

Rådmannen får fullmakt til å justere barnehagesatsane i samsvar med endringar som kjem frå sentralt hald. Det vert ein auke på 2,75% på dei satsane som kan fastsetjast lokalt.

Fellesframlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent med fylgjande endring i K-sak 92/17:

For sein henting: Kr. 161 pr. påbegynt kvarter.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

**KS - 002/18 - 15.02.2018 - Vedtak:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent med fylgjande endring i K-sak 92/17:

For sein henting: Kr. 161 pr. påbegynt kvarter.

---

**003/18: Meldingar**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering

**15.02.2018 KOMMUNESTYRET**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

**KS - 003/18 - 15.02.2018 - Vedtak:**

Meldingane vert tekne til orientering

---

**004/18: Orienteringssak**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**15.02.2018 KOMMUNESTYRET**

Helge Fjellanger og Erlend Kleiveland orienterte om status i sak vedørande anbod eller eigen drift vedørande innsamling av avfall frå hushald, hytter og næringsavfall.

Framlegg frå ordføraren:

Orienteringa vert teke til vitande.

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

**KS - 004/18 - 15.02.2018 - Vedtak:**

Orienteringa vert teke til vitande.

---

**005/18: Budsjett 2018 - Orientering om rekneskapet for 2017 og behov for justering av budsjett for 2018**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommunestyre tek orientering om rekneskapet for 2017 og behov for justering av budsjettet for 2018 til vitande.

Endring i budsjettet vert formelt godkjent ved budsjettjusteringa i samband med 1. tertialrapport. Ansvarområda vert pålagt å jobbe utifrå reduserte rammer som skissert i rådmannen sitt rundskriv datert 22.01.18 der budsjettet vert redusert med kr. 3.831.180,-.

**15.02.2018 KOMMUNESTYRET**

Framlegg frå Krf v/ Anne Dahle Austrheim:

Austrheim kommunestyre tek orientering om rekneskapet for 2017 og behov for justering av budsjettet for 2018 til vitande.

Austrheim kommunestyre bed administrasjonen leggja fram framlegg til tiltak for å dekkja inn den føreslegne budsjettjusteringa på kr. 3.831.180,-.

Framlegg frå Uavh. v/ Jorund Stellberg:

Austrheim kommunestyre tek orientering om rekneskapen for 2017 og behov for justering av budsjettet for 2018 til vitande.

Rådmannen vert pålagt å jobbe utifrå reduserte rammer som gjev inndekning av det akkumulerte underskotet frå 2015.

Endring i budsjettet vert formelt godkjent ved budsjettjusteringa i samband med 1. tertialrapport 2018.

Det vart halde gruppeleiar møte. Etter gruppeleiar møte vart det fremja fylgjande fellesframlegg:

Austrheim kommunestyre tek orientering om rekneskapen for 2017 og behov for justering av budsjettet for 2018 til vitande.

Rådmannen vert pålagt å jobbe utifrå reduserte rammer som gjev inndekning av det akkumulerte underskotet frå 2015.

Endring i budsjettet vert formelt godkjent ved budsjettjusteringa i samband med 1. tertialrapport 2018.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

**KS - 005/18 - 15.02.2018 - Vedtak:**

Austrheim kommunestyre tek orientering om rekneskapen for 2017 og behov for justering av budsjettet for 2018 til vitande.

Rådmannen vert pålagt å jobbe utifrå reduserte rammer som gjev inndekning av det akkumulerte underskotet frå 2015.

Endring i budsjettet vert formelt godkjent ved budsjettjusteringa i samband med 1. tertialrapport 2018.

---

## 006/18: Sakkunnig nemnd - Val av medlem og varamedlem

### Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre vel fylgjande medlem: .....med varamedlem  
..... for perioden 2018 – 2019.

For same perioden vert fylgjande valt som leiar: ..... og fylgjande som  
nestleiar:..... .

### 15.02.2018 KOMMUNESTYRET

Framlegg frå valnemnda v/ Siri Kaland:

Austrheim kommunestyre vel fylgjande medlem: Hardy Pedersen med varamedlem Elisabeth Rahner  
for perioden 2018 – 2021.

For same perioden vert fylgjande valt som leiar: Hardy Pedersen og fylgjande som nestleiar: Stein  
Kåre Løvslett .

Framlegget frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

Etter dette vedtaket er sakkunnig nemnd samansett som følgjer:

Austrheim kommunestyre vel fylgjande som medlemmer og varamedlemmer sakkunnig nemnd:

Medlemer	Varamedlemer
For perioden 2018 – 2021	
Hardy Pedersen (Ap)	Elisabeth Rahner (Krf)
For perioden 2015 - 2019	
Siv Inga Brekke(H)	Christer V. Pedersen (H)
Stein Kåre Løvslett (Krf)	Oddmund Vikene (Ap)
For perioden 2018 - 2021	For perioden 2018 - 2019
Leiar : Hardy Pedersen (Ap)	Nestleiar: Stein Kåre Løvslett

### **KS - 006/18 - 15.02.2018 - Vedtak:**

Austrheim kommunestyre vel fylgjande som medlemmer og varamedlemmer sakkunnig nemnd:

Medlemer	Varamedlemer
For perioden 2018 – 2021	
Hardy Pedersen (Ap)	Elisabeth Rahner (Krf)
For perioden 2015 - 2019	
Siv Inga Brekke(H)	Christer V. Pedersen (H)
Stein Kåre Løvslett (Krf)	Oddmund Vikene (Ap)
For perioden 2018 - 2021	For perioden 2018 - 2019
Leiar : Hardy Pedersen (Ap)	Nestleiar: Stein Kåre Løvslett

---

## 007/18: Felles sakkyndig klagenemnd - Val av medlemmer og varamedlemmer

### Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre vel følgjande som medlemmer og varamedlemer i felles sakkyndig klagenemnd for perioden 2018 -2019:

Medlemer valde for Perioden 2018 – 2019.	Varamedlemer valde for Perioden 2018 – 2019

For same perioden vert følgjande valt som leiar: ..... og følgjande som nestleiar:.....

### 15.02.2018 KOMMUNESTYRET

Framlegg frå valnemnda v/ Siri Kaland:

Austrheim kommunestyre har valt følgjande som medlemmer og varamedlemer felles sakkunnig klagenemnd:

Medlemer valde for Perioden 2018 – 2021.	Varamedlemer valde for Perioden 2018 – 2021
Gro Kaland (Sp)	Terje Aasen (Krf)
Nils Ove Vassdal (H)	May Britt Vågheim Eliassen(H)
Terje Dyrnes (V)	Petter Lerøy Skårnes(V)
Leiar :Nils Ove Vassdal	Nestleiar: Trude Sleire

Framlegget frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

Etter dette valet er felles sakkunning klagenemnd samansett som følgjer:

Austrheim kommunestyre har valt følgjande som medlemmer og varamedlemer felles sakkunnig klagenemnd:

Medlemer valde for Perioden 2018 – 2021.	Varamedlemer valde for Perioden 2018 – 2021
Gro Kaland (Sp)	Terje Aasen (Krf)
Nils Ove Vassdal (H)	May Britt Vågheim Eliassen(H)
Terje Dyrnes (V)	Petter Lerøy Skårnes(V)
Medlemer valde for perioden 2015 – 2019:	Varamedlemer valde for Perioden 2015 – 2019:
Gunstein Sætre(Sp)	Roy Øksnes(Sp)
Trude Sleire(Ap)	Monica Thorpe(Ap)
Svanhild Neteland(Krf)	Merethe Rikstad Tresvik(Ap)
For perioden 2018 - 2021	For perioden 2018 - 2019
Leiar: Nils Ove Vassdal	Nestleiar: Trude Sleire



**KS - 007/18 - 15.02.2018 - Vedtak:**

Austrheim kommunestyre har valt fylgjande som medlemmer og varamedlemer felles sakkunnig klagenemnd:

Medlemer valde for Perioden 2018 – 2021.	Varamedlemer valde for Perioden 2018 – 2021
Gro Kaland (Sp)	Terje Aasen (Krf)
Nils Ove Vassdal (H)	May Britt Vågheim Eliassen(H)
Terje Dyrnes (V)	Petter Lerøy Skårnes(V)
Medlemer valde for perioden 2015 – 2019:	Varamedlemer valde for Perioden 2015 – 2019:
Gunstein Sætre(Sp)	Roy Øksnes(Sp)
Trude Sleire(Ap)	Monica Thorpe(Ap)
Svanhild Neteland(Krf)	Merethe Rikstad Tresvik(Ap)
For perioden 2018 - 2021	For perioden 2018 - 2019
Leiar: Nils Ove Vassdal	Nestleiar: Trude Sleire

---

**008/18: IKT Nordhordland -Interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27****Rådmannen sitt framlegg:**

- 1.IKT Nordhordland vert organisert etter kommunelova § 27 som eit interkommunalt samarbeid med eit sams styre. Austrheim kommune vedtek forslaget til vedtektene (§27) for IKT Nordhordland slik dei ligg føre.
- 2.Austrheim kommune er positiv til utviding av samarbeidet og vedtar oppstart av konseptfase som skal utgreia spørsmålet om utviding av samarbeidet, i tråd med vedlagte mandat.

**15.02.2018 KOMMUNESTYRET**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KS - 008/18 - 15.02.2018 - Vedtak:**

- 1.IKT Nordhordland vert organisert etter kommunelova § 27 som eit interkommunalt samarbeid med eit sams styre. Austrheim kommune vedtek forslaget til vedtektene (§27) for IKT Nordhordland slik dei ligg føre.
- 2.Austrheim kommune er positiv til utviding av samarbeidet og vedtar oppstart av konseptfase som skal utgreia spørsmålet om utviding av samarbeidet, i tråd med vedlagte mandat.

---

## 009/18: Oppnemning av plan- og byggjenemnd for omsorgsbustadane på Kaland

### Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune ber om at det vert bygd sju omsorgsbustadar på Kaland/Fonnes i tråd med planendring for reguleringsplan for Kaland-Fonnes del av gnr 130 131, planid 2016001.

Austrheim kommune set ned **Plan- og byggjenemnd for omsorgsbustadar på Kaland/Fonnes.**

Medlemmer i nemnda med sine funksjonar vert:

1.Ordførar Per Lerøy, leiar.

2.Ingeniør i Austrheim kommune Hilde Hardang, styremedlem/sekretær.

3.Pleie- og omsorgsleiar Monika Kvamme, styremedlem.

*varamedlem Hege Sætre.*

4.Leiar i eldrerådet Idar Hopland, styremedlem.

*varamedlem Berit Hopland.*

5.Hovudvernombod Janina Fenne, styremedlem.

Plan- og byggjenemnda får i oppgåve å leggja fram pristilbodet og byggjeteikningane til kommunestyret for endeleg godkjenning innan november 2018. Nemnda får i oppgåve å styra byggjeprojektet til ferdigstilling. Målet er at omsorgsbustadane skal vera klare til bruk i 2019/2020.

Grunngjevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

## 25.01.2018 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

### **FS - 010/18 - 25.01.2018 - Vedtak:**

Austrheim kommune ber om at det vert bygd sju omsorgsbustadar på Kaland/Fonnes i tråd med planendring for reguleringsplan for Kaland-Fonnes del av gnr 130 131, planid 2016001.

Austrheim kommune set ned **Plan- og byggjenemnd for omsorgsbustadar på Kaland/Fonnes.**

Medlemmer i nemnda med sine funksjonar vert:

1.Ordførar Per Lerøy, leiar.

2.Ingeniør i Austrheim kommune Hilde Hardang, styremedlem/sekretær.

3.Pleie- og omsorgsleiar Monika Kvamme, styremedlem. med *varamedlem Hege Sætre.*

4. Leiar i eldrerådet Idar Hopland, styremedlem. med *varamedlem Berit Hopland*.
5. Hovudvernombod Janina Fenne, styremedlem.

Plan- og byggjenemnda får i oppgåve å leggja fram pristilbodet og byggjeteikningane til kommunestyret for endeleg godkjenning innan november 2018. Nemnda får i oppgåve å styra byggjeprojektet til ferdigstilling. Målet er at omsorgsbustadane skal vera klare til bruk i 2019/2020.

Grunngjevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

## **15.02.2018 KOMMUNESTYRET**

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **KS - 009/18 - 15.02.2018 - Vedtak:**

Austrheim kommune ber om at det vert bygd sju omsorgsbustadar på Kaland/Fonnes i tråd med planendring for reguleringsplan for Kaland-Fonnes del av gnr 130 131, planid 2016001.

Austrheim kommune set ned ***Plan- og byggjenemnd for omsorgsbustadar på Kaland/Fonnes.***

Medlemmer i nemnda med sine funksjonar vert:

1. Ordførar Per Lerøy, leiar.
2. Ingeniør i Austrheim kommune Hilde Hardang, styremedlem/sekretær.
3. Pleie- og omsorgsleiar Monika Kvamme, styremedlem.  
*varamedlem Hege Sætre.*
4. Leiar i eldrerådet Idar Hopland, styremedlem.  
*varamedlem Berit Hopland.*
5. Hovudvernombod Janina Fenne, styremedlem.

Plan- og byggjenemnda får i oppgåve å leggja fram pristilbodet og byggjeteikningane til kommunestyret for endeleg godkjenning innan november 2018. Nemnda får i oppgåve å styra byggjeprojektet til ferdigstilling. Målet er at omsorgsbustadane skal vera klare til bruk i 2019/2020.

Grunngjevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

---

## **010/18: Overtaking av Setenesvegen 48, Breidvikhaugen 4 og 8**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

1. Austrheim kommune overtar Breidvikhaugen 4 og 8 til ein kjøpesum på Kr. 3 701 667 som vert dekkja ved overtaking av lånet i Husbanken.
2. Austrheim kommune overtar Setenesvegen 48 for kr. 1 360 000. Kjøpesummen vert dekkja ved bruk av kommunen sitt låneopptak i kommunalbanken for 2018.
3. Kostnadene ved overdragingane vert dekkja av AS Austrheim Næringssselskap

## **15.02.2018 KOMMUNESTYRET**

Framlegg frå rådmannen:  
Saka vert utsett.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **KS - 010/18 - 15.02.2018 - Vedtak:**

Saka vert utsett.

---

## **011/18: Tilstandsrapport for barnehagane i Austrheim**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Tilstandsrapport for barnehagane i Austrheim for 2017 vert teke til vitande slik han ligg føre.

## **15.02.2018 KOMMUNESTYRET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **KS - 011/18 - 15.02.2018 - Vedtak:**

Tilstandsrapport for barnehagane i Austrheim for 2017 vert teke til vitande slik han ligg føre.

---

## **012/18: Tilstandsrapport for grunnskulen 2017 i Austrheim kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Tilstandsrapport for grunnskulen i Austrheim 2017 vert teke til vitande slik han ligg føre.

## **15.02.2018 KOMMUNESTYRET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **KS - 012/18 - 15.02.2018 - Vedtak:**

Tilstandsrapport for grunnskulen i Austrheim 2017 vert teke til vitande slik han ligg føre.

---